

Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsblad for alle sokna i Kvinnherad kommune

Påske 2026

Nr. 1 Årg. 5



Påskevandring med Myrane barnehage i Husnes kyrkje

God påske! Kristus er oppstått!



Kyrkjekontoret i Kvinnherad

Klubbavikjo 9, 5451 Valen

Ekspedisjonstid: man-, tirs- og torsdag kl. 10.00 - 14.00



Kyrkjevevjerje

Torstein Aarhun

Mobil: 951 24 964

torstein.aarhun@kvinnherad.kommune.no



Dagleg leiari, kyrkjelydsarbeid

Jan-Ove Fagerheim

Mobil: 913 45 042

jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Kjersti Brakestad Boge

Mobil: 952 62 022

kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no



Prestevikar

Astrid Elisabeth Wilborn

Mobil: 400 96 176

astrid.elisabeth.wilborn@kvinnherad.kommune.no



Organist

André Eide

Mobil: 958 82 360

andre.eide.piano@hotmail.com



Trusopplærar

Kristine Hestad

Mobil: 971 95 370

kristine.hestad@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Alf Jarle Langeland

Mobil: 488 95 728

alf.jarle.langeland@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

Idar Bjørgen

Mobil: 488 95 732

idarbjorgen@gmail.com



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Trond Inge Kvandal

Mobil: 916 67 069

trond.inge.kvandal@kvinnherad.kommune.no

Fungerer dessverre
ikkje med SMS
(tekstmelding).



Telefon: 90 53 19 10

post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kyrkja.no



Konsulent

Ingrid Sundal

Mobil: 907 76 149

ingrid.sundal@kvinnherad.kommune.no



Kontorsekretær

Ann Helen Collins

Mobil: 902 63 275

ann.helen.collins@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Kjetil Kringlebotten

Mobil: 413 06 667

kjetil.kringlebotten@kvinnherad.kommune.no



Kantor

Eva Megyesi

Mobil: 955 20 899

micacica@online.no



Organist

Rebekka Attramadal

Mobil: 411 06 952

rebekka.attramadal@gmail.com



Trusopplærar

Toril Langeland

Mobil: 909 58 898

toril.langeland@kvinnherad.kommune.no



Diakonimedarbeidar

Ingunn Koløy

Mobil: 476 22 519

ingunn.koloy@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Helge Furdal

Mobil: 995 12 585

helge.furdal@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

Johannes Solheim

Mobil: 976 10 810

johannes.solheim@knett.no

I tillegg til alle desse har me og nokre mindre stillingar
knytt opp til éi, eller nokre få, av kyrkjene våre.



Vil du gi ei gáve til bladet...?

VIPPS nr.: 537407

Bankgiro:

3208.27.67117

Redaksjonsnemnd for Kyrkjelydsbladet:

Sjur Tjelmeland, Reidar Algerøy, Kristian Bringedal,
Airin Helene Zimmer, Hildur Karin Øvsthus
og Gunn Judith Dale.

Redaktør og layout: Jan-Ove Fagerheim

Trykk og distribusjon: Shibsted Trykk/Grenda

NB! Nokre illustrasjonsbierte kan vera KI-genererte.

Glad i gudstenesta

Eg sit i den lune stova til Ståle Mehl på Husnes for ein liten samtale med ein av dei mest trufaste kyrkjegjengarane i Kvinnherad. Kaffi og kake kjem på bordet, og framfor meg ligg eit bilete frå konfirmasjonen på Gol i 1975, og frå 50-års jubiléet han var på i fjor.

Ståle hugsar godt kva kateketen, Ola Totland (bror til Jan Ove T) spurde om på overhøyringa: Det tredje bodet: "Du skal halde kviledagen heilag."

Søndag er kyrkjedag

Det bodet har Ståle levd etter. Alle som har vore på gudsteneste i ei av kyrkjene veit kven Ståle er. I Husnes kyrkje er han ofte kyrkjevert, og ynskjer velkommen ved døra.

Er det ikkje gudsteneste der, dreg han gjerne til ei anna kyrkje, ofte til Kvinnherad der han er døypt.

Underteikna har mange gode minne frå åra som prostiprest, då Ståle ofte «haika» med meg til Ølve eller Ænes eller andre stader for å vere med på gudsteneste.

Eit triveleg reisefølge med ein trufast kyrkjegjengar som har den same gode vanen som Meisternen hadde, han som gjekk til synagogen på sabbaten «som han brukte å gjera», slik Lukas fortel (4.16)

Tenk om fleire av oss la oss til ein slik god vane!

Eg spør Ståle kva han særskilt likar ved gudstenesta, og det første han nemner er å høyre Guds ord. Det er viktig, seier han. Vidare nemner han høgtidene, at dei minner oss om dei ulike delene av trua vår.

Glad i song

Salmane er han og glad i, og den første han nemner er «Navnet Jesus blekner aldri».

Den er han svært glad i. «Måne og sol» er og ein favoritt, og ikkje minst påskesalmane «Deg være ære» og «Påskemorgen slukker sorgen» set han høgt.

Det er tydeleg at Ståle likar song og musikk. Han er ofte med på bedehuset også, særleg etter at han vart pensjonist og fekk meir tid. Der har dei «60 pluss»-samlingar med mykje song, fortel han.

Ståle er og med i kor: han deltek i gospelkoret «Get together», og er med på samlingane som kallast «Sikval» i Valen kyrkje.

Han prøver jamvel å få med seg dei månadlege «Syng med oss»-samlingane på Husnestunet eller Rosendalstunet.

«Vikarpresten»

Eg måtte tenke tilbake på humoren vi hadde når vi var på veg til gudsteneste. Då tulla vi stundom med at Ståle var «vikarpresten».

Difor var det ikkje så urimeleg at han blei med dei andre prestane til Stord då prost Theodorsen vart takka av for ei tid sidan. -Det må du hugse å nemne!, seier Ståle, før eg skyssar han til øving i koret Amigos på musikkskulen.


Takk for praten!

Pål Dale



Mellombels sikring av Uskedal kyrkje

Det er håp om at Uskedal kyrkje kan takast i bruk til påske etter ein førebels reparasjon av kyrkjebygget. Stormen Amy herja med kyrkja i fjor haust. Berande konstruksjonar i kyrkjebygningen vart påført synleg skade. Det er sprekker i bjelkar, og nordre kyrkjeveggen er skeiv. Når det blæs, knirkar og gnakar det i kyrkja, så ille at det er ikkje råd å oppfatta kva som vert sagt.



- Etter stormen var me på synfaring og såg på det utvendige; om takstein og takrenner var på plass, fortel kyrkjeverje Torstein Aarhun. Då vart det ikkje oppdaga noko unormalt. Skaden kom seinare for ein dag då reinhaldaren såg forskyving i takkonstruksjonen og at store bjelkar var brotne tvert av. Heile kyrkja hadde lagt seg mot nord, 14 centimer på fire meters høgd.

Det er så pass ille at kyrkja sveiar litt når det blæs. Den store lysekrona svingar som ein klokkependel i vindkasta. For kvart vindkast er kyrkjeverja bekymra for at kyrkja skal bli endå meir skeiv.

- I slike situasjonar er det tryggleiken for folk som kjem først. Eg tok avgjerda om at kyrkja må stengjast, og verneombodet og driftsleiaren i kyrkja var samde, seier Torstein Aarhun. Det var fint for oss at alle faglege råd i ettertid gav oss støtte, legg han til.

Ein rapport frå konsultentselskapet Omega 365 Protek AS tilrår at som eit strakstiltak vert det sett opp skråstøtter på utsida av kyrkje mot nord. Støttene skal festast til betonglodd som er delvis nedgravde.

Dei vil stabilisera bygningen slik at ein unngår at skaden utviklar seg til det verre. Då kan ein og jekka veggene på plass att.

Fleire instansar må godkjenna tiltaket, m.a. Biskopen, Statsforvaltaren og Riksantikvaren skal og seia sitt. Det er håp om at kyrkja kan takast i bruk til påske.

- Kva må gjerast når kyrkja skal sikrast permanent?

- Konsulentane har peika på fleire alternativ. Det eine er skråstag i metall på tvers av kyrkjeskipet. Dei kan òg lagast i tre.

- Det er òg tilrådd å setja inn kraftige skruar i den berande trekonstruksjonen i kyrkja. Dei vil tetta gliper og «strama opp»

konstruksjonen og dessutan hindra at glipene blir større. Det vil gje ei bortimot usynleg forsterking som passar godt i kyrkja.

- Etter at kyrkja vart stengd, har ungdomshuset Helgheim i sentrum i Uskedalen vore brukt ved kyrkjelege samlingar. Når først gale skulle skje, var vel Uskedalen den staden det er lettest å finna eit alternativ til kyrkja. Soknerådet har gjort ein god jobb med å leggja til rette for den mellombelse flyttinga.

- Målet er at kyrkjelyden i Uskedalen kan feira påske i kyrkja. Det er uvisst når det endelege restaureringa vil vera ferdig.

- Riksantikvaren er invitert til å koma på synfaring i kyrkja frå 1914. Året går nok før arbeidet er ferdig, trur kyrkjeverje Torstein Aarhun. Forsikringsselskapet tek i hovudsak rekninga for restaureringa.

Sjur Tjelmeland

Kyrkje i ungdomshuset

- Det har gått greitt å bruka ungdomshuset Helgheim i Uskedalen til kyrkjelege handlingar, seier soknerådsleiar Eli Roseth Eik i Uskedal sokn. Julekonsenserten var første kyrkjelege arrangementet etter at kyrkja vart stengd tidleg i desember i fjor



Frå julegudstenesta i Helgheim



Eli Roseth Eik er leiar i Uskedal sokneråd og tykkjer det går fint å ha gudstenester i ungdomshuset Helgheim.

I Uskedalen vart tre alternativ vurdert til reserve for kyrkja; Aktivitetshuset, bedehuset og ungdomshuset. Det ville verta kostbart å varma opp Aktivitetshuset og soknerådet vurderte Helgheim som det mest høvelege.

Det er ikkje orgel i ungdomshuset, men eit piano gjer god nytte. På julaften var musikk-laget med og sytte for vakker julemusikk. Laget har til vanleg sin plass i Helgheim, så det gjekk fint.

Kyrkjetenar Johannes Solheim har fått noko ekstraarbeid, sidan noko utstyr må berast på plass før gudstenestene.

Helgheim har plass til 137 gjester og er stort nok til vanlege gudstenester. På det meste har det vore 130 personar til stades. Ved gravferder er det plass til litt færre, sidan kista tek noko plass.

Eit bord fungerer som provisorisk alter. Soknerådsleiar har lagt på ein vakker duk som ho arva etter ei tante. Ein kross kan setjast på plass. Til og med ei vakker ringjeklokke er komen i hus. Kristian Bringedal eig ei

vakker skipsklokke, som han tek med seg til kyrkje. Klokka har endåtil dronning Elisabeth sitt monogram.

Ungdomshuset har naturleg nok ikkje alterring, men ved eventuelt nattverdsgudsteneste, kan ein dyppa brødet i vinen, og det går fint.

Ved gravferder kan dei pårørande velja om dei vil bruka Helgheim eller ei av nabokyrkjene, eller bedehuset. Oppslutnaden om gudstenestene i Helgheim har vore om lag som vanleg. På julaften kom det litt færre, det kan ha samband med at tidspunktet i fjor var eit anna enn vanleg. Men likevel kom det bra med folk.

Det har ikkje kome negative reaksjonar på at ungdomshuset mellombels er i bruk som kyrkje. Folk skjønner at kyrkja ikkje kan brukast slik situasjonen er. Helgheim er eit fint hus, med varme fargar innandørs.

Ein konsert i desember og ein temakveld i høve Fastesaksjonen vart halden i Gamleskulen.

- Er det ein annan dâm over gudstenestene når dei ikkje er i kyrkja?

- Nei, i grunnen ikkje. Liturgien er den same, preludiumet er litt annleis på piano. Klokka ringjer før og etter gudstenesta, så det er råd å få til ei fin stund i Helgheim.

- Ingen kan lova noko om når kyrkja kan takast i bruk att. Men målet er at konfirmasjonsgudstenesta 26. april skal haldast i kyrkja, seier Eli Roseth Eik. Då vil venteleg dei utvendige støttena vera komne på plass, og kyrkja vil stå stødig i vinden og kan brukast som vanleg.


Dersom kyrkja ikkje kan brukast då, må vi nytta Kvinnherad kyrkje, sidan Helgheim etter mitt syn ikkje er høgtideleg nok, seier soknerådsleiar. Transport att og fram bør ikkje vera eit stort problem, sidan dei fleste kjem i bil likevel.

Ingen veit når kyrkja i Uskedalen vil vera ferdig restaurert. Riksantikvaren og andre instansar skal seia sitt før arbeidet kan setjast i gang.

Sjur Tjelmeland

Ti år med kateket Arne Lindekleiv i konfirmantundervisning

«Å gå for presten» var lenge eit fast omgrep i kyrkja. I Husnes Prestegjeld sa dei: «Vi gjekk for Lindekleiven». Det var i perioden 1984 – 1995 då Arne Lindekleiv var kateket.



Han fekk ansvaret for konfirmantundervisninga. Den gongen var det årleg over 100 konfirmantar på strekninga Herøysundet til Utåker. Alle fekk opplæringa si etter skuletid i heimbygdene, oftast to timar annakvar veke.

Bakgunnen og tida før Husnes
Arne Lindekleiv, f. 1950, kjem frå Sauda. Han vaks opp i eit aktivt kristen miljø, starta Ten Sing og var primus motor i Skulelaget på bedehuset. Her fekk han leir-trening, tiltru og ansvar. Dette tok han med seg seinare i livet då han tok utdanning innan kyrkjeleg undervisning. Etter tre år tilsett i Spelkavik Indremisjon og sju år som ungdomssekretær i Samskipnaden (IMS), kom han til Husnes i nyoppretta stilling som kateket.

Kateketen

Med fullmakt frå biskopen i Bjørgvin fekk Arne godkjenning til kyrkjelege handlingar for born og ungdom. Det omfatta mellom anna dåp og det å stå

for konfirmant- og skulegudstenester, ofte i samarbeid med skulane. Grunnlaget var «Plan for samarbeid kyrkja – skule». I ti år hadde han undervisninga for om lag 90 % av konfirmantane. Det utgjør eit tusentals ungdomar. Det kunne vera krevjande. Med lite samareid mellom prestegjelda var han mykje åleine om arbeidet. Berre det å samla konfirmantane etter skuletid, 15 i kvar gruppe med undervisning i sentrale tema, kunne vera slitsamt. Det var rett nok slutt på pugging. Ein la opp til mykje samtale og på den måten la grunnlaget for respekt og forståing. Konfirmantweek-end var viktig, oftast til Brandøy, men også med båten ELIDA på tokt i nærområdet. I samtale med Kyrkjelydsbladet tek Arne fram Trygve Teigen med god støtte og hjelp. Seinare kom det andre til. Hugs at tida er annleis i dag. På 1980-talet vart stort sett alle konfirmert. Det var før det kom alternativ med humanistisk konfirmasjon.

Verknad

Arne er usikker på kva verknad konfirmanttida har hatt for mange seinare i livet. Det må vera at det kom noko meir i tillegg, noko ved sida av. Då er det viktig å ta fram Treffpunkt på Valen. Sjølv starta han ungdomsklubb på bedehuset. Kristent ungdomsarbeid i tillegg til konfirmantopplæringa har sett varige spor. Han prøvde å læra alle sine namn. Mange hugsar han att når han møter tidlegare konfirmantar på butikksenteret. Nokre går i kyrkja eller kjem på møte på bedehuset. Det er godt og gjevande å møte dei att som vaksne og som foreldre.

Arne – drivkrafta i Husnes bedehus og Husnes Indremisjon

I ein 20 årsperiode var Arne Lindekleiv tilsett som kyrkjeverje i Kvinnherad. Med 12 kyrkjer og mange sokn var det ei stor oppgåve med krav til struktur og leing. I alle desse åra og fram til i dag har Arne og vore drivkrafta i arbeidet i Husnes Bedehus, mellom anna som leiar i Husnes Indremisjon.

Kristian Bringedal

Fem par droppa inn

På valentinsdagen prøvde og kyrkja i Kvinnherad seg på drop-in bryllaup. Tanken var at det kanskje er nokon som ynskjer å gifta seg, men som av ulike grunnar har utsett eller ikkje har starta planlegging av den store dagen. Denne dagen skulle det vera lett å gifta seg. 5 par nytta seg av tilbodet ein laurdag midt i februar med nysnø rundt kyrkja.

Para som kom fekk ein ferdig opplagt vigsla etter kyrkja sin liturgi. Organisten vår, Rebekka, er og ein habil songar. Ho hadde 5 songar som brurepara kunne velje mellom og som då vart framført til dei i vigsla deira i Kvinnherad kyrkje. Vi hadde alliert oss med fotograf Atle Helland som tok bilete og som kvart par kunne kjøpa etterpå.

På førehand hadde vi og gjort avtale med ein lokal spisestad om bryllups-meny som kunne bestillast ei lita veke før.

I ettertid ser vi i kyrkja tilbake på dette som eit vellukka prosjekt. Dei som gifta seg denne dagen fekk ein enkel, men verdig vigsla i kyrkja med alt som høyrer med der. Truleg vil vi prøve noko liknande seinare ein gong. Dette året var valentinsdagen på ein laurdag og såleis ein naturleg dag å nytta til dette føremålet. Kanskje kan vi nytta ein laurdag på våren neste år for å sjå om det då er interesse frå gifteklare par som vil droppa inn?



Foto: Atle Helland

Følg QR-koden til video om påsken:

intro



nlm.no/intro

«intro» er Misjonssambandet ung sin YouTube-kanal, laga for born mellom 7-12 år. Slik beskriv dei seg sjølv: «Annenhver uke vil vi på YouTube-kanalen vår komme med en ny spennende episode med mye morsomt, lærerikt og gøy. Vi skal blant annet utforske Bibelen sammen, le masse, bli kjent med nye venner, ha leker og challenges. I tillegg kan du abonnere på introbladet som kommer i posten fem ganger i året for 299,-.»

Pilgrimsvandring og pilegrimsmesse på Halsnøy Kloster



Dei siste åra har det blitt ein fin tradisjon å feire pilegrimsmesse på Halsnøy Kloster. Dette tok til etter at klosteret i 2017 vart ein av dei 26 nøkkeltstadane i Kystpilegrimsleia mellom Egersund og Trondheim.

Det høver fint å møtast til messe her i pinsehøgtida då nokre kjelder seier at klosteret i si tid vart vigsla til Den Heilage Ande. Augustinarklosteret frå 1163/64 har vore ein stad for tilbeding av den treeinige Gud i mange år. Vi ser tydelege spor etter den store klosterkyrkja som ein gong sto her.

2. pinsedag, 25. mai, startar dagen med ei pilegrimsvandring frå Halsnøy skule klokka 11.00. Undervegs mot klosteret vert det stoppestadar med spørsmål til undring og refleksjon. Soknerådet vil lage til ein natursti som høver både for vaksne og born. Såleis kan dette bli ein kjekk familietur på stien gjennom skogen.

Vel framme på klosteret vert det messe ved pilegrimsprest Einar Vegge og prost Arild Steinsland. Gudstenesta tek til kl.12.30, og etterpå vert det høve til å kjøpe kaffe og kaker i hovedhuset. Dagleg leiar, Helen Pettersen, vil ta dei som ynskjer det med rundt på området og fortelje historia til klosteret.

Velkommen til å feire messe på historisk grunn!

Gunn Judith Dale



Foto: Helén Petersen

Vinteren slepp taket -og på gravplassen

Det er sjeldan vi har hatt så mykje frost i bakken som denne vinteren. Kombinasjonen av langvarig kulde og snøfattig vinter har gjort at tela sette seg godt dette året.

Når tela slepp taket kan ein av og til sjå at frosten har gjort skade. Dette gjeld og på gravplassane våre. Nokre gravminne har blitt skeive eller tippa over.

Alle gravminne er privat eigedom som festar av den aktuelle grava har ansvar for. Det betyr at dei tilsette på gravplassane våre ikkje kan gjere noko med desse utan at det utgjer ein risiko for skade. Difor er det viktig at ein ser til gravminna ein har ansvar for no når våren kjem. Dersom dei må rettast eller sikrast kan det gjerast sjølv eller de kan kontakte nokon som sel gravstein. Dei tilsette i kyrkja kan og gjera det, men på same måte som ved å bruke andre vert det ein kostand knytt til dette.



Konfirmantjubleum i Åkra

Åkra sokneråd inviterar regelmessig til markering av jubileum for tidligare konfirmantar i Åkra. Søndag 15. mars var det konfirmantjubleum i Åkra kyrkje med gudsteneste og påfygjande fest på Åkra bedehus.

På gudstenesta vart jubilantane presentert av soknerådsleiar Oddrun Berge. Etter gudstenesta hadde Lars Erik Tjeldflåt ei omvising i og orientering om Åkra kyrkje.

På festen i Åkra bedehus hadde soknerådet dekket eit flott festbord og serverte heimelaga betasuppe. Fungerande sokneprest Svein Arne Theodorsen leda festen. Her song dei m.a. Åkra-songen med trekkspelakkompanjement. Under festen fekk vi høyre om konfirmasjonstida, prestar som tok del i undervisninga og konfirmasjonsgudsteneste, og elles ein god samtale om tida då og no. Soknerådet hadde laga eit flott kakebord og drøsen gjekk.



Frå gudstenesta i Åkra kyrkje søndag 15. mars: F.v.: organist Tone R. Hellesøy, soknerådsleiar Oddrun Berge, Reidun Tjelmeland Sørheim, Trygve Slåke, Edith Vågen Haugland, Herborg Vikane, Sigve Åkra, Inger Marie Vika Hammersland, Hugne Øvstebø, Olav Trond Jegteberg og fungerande sokneprest Svein Arne Theodorsen.

Veldedighetskonsert på Husnes



Foto: Kristian Bringedal

For eit lokalsamfunn vi har! Nærare 300 tilhøyrarar fekk nest siste torsdag i fastetida med seg ei flott oppleving i kulturhuset Husnes. Her stilte eit godt knippe lokale artistar opp for ei god sak, kulturhuset la alt til rette for oss, og kvinneheringane fylte opp kinosalen. Resultatet vart at vi var mange som fekk ei musikalsk oppleving vi seint vil gløyma. Men endå viktigare, pengane frå konserten er med på å sikra reint vatn og eit verdig liv for menneske som har ein heilt annan kvardag enn vår.

Høgdepunkta kom tett, og det var stor variasjon i sjanger frå country, pop og salmar til klassisk musikk. Publikum fekk denne kvelden servert musikk av høg kvalitet, og sjeldan har vel halvannen time gått så fort.

Nokre konfirmantar las Kirkens nødhjelp si regnbøgebøn med fokus på takk og bøn for verda. To av konfirmantane var og involvert i det musikalske. Jacoba Njøten Størksen imponerte oss

med sin vokal i duett med Anja Njøten Leite og Artur Zimin var hyra inn som «trommis» for nettohogts for anledninga. Ei rolle han fylte med glans.

Ordføraren helsa forsamlinga og minna om at vi alle er ein del av ein stor samanheng. Før og etter konserten var det kiosk/cafe kor konfirmantar selde til inntekt for Kirkens nødhjelp. Kanskje gjorde Ove Tvedt sin sluttappell på «Ove Tvedt-vis» at salet gjekk unna etter konserten.

Konfirmanten Jacoba Njøten Størksen imponerte oss med sin vokal i duett med Anja Njøten Leite.

Takk

Frå arrangøren er «takk» det ordet som er mest dekkande etter konserten. Takk til alle som stilte opp, og takk for den kvelden vi fekk ha saman i kulturhuset denne torsdagen i mars.



Desse artistane deltok:

- Rune Eikemo, Camilla Øvstebø og Charlotte Grydeland
- Sandvoll Country Duo (Peter Ingebrigtsen og Torill Aurora M Paulsen)
- Jacoba Njøten Størksen og Anja Njøten Leite
- nettothoughts (Anette Kathenes, Sindre Seljeseth, Erik Thoresen og Artur Zimin)
- Håkon Ulvenes Yndestad
- Egil Vaage
- Rebekka Attramadal
- André Eide

Konsert i Kvinnherad kyrkje

Søndag 8. mars var det duka for konsert med solisten Marianne Juvik Sæbø og pianisten Terje Kleppe. Begge har solid musikkutdanning og jobbar som musikk lærarar på Kongshaug musikkgymsnas.

Dei klarte å innfri alle forventningar. Publikum kunne berre lena seg tilbake og nyta songar i mange stilartar. Mot slutten av konserten gira solisten skikkeleg opp, og det låt som Sissel Kyrkjebø og Carola i éin person. Det var godt fram-møte, og alle såg nøgde ut då dei gjekk ut av kyrkja.

Reidar




**VIL DU
VERA MED
OG STØTTE?**

((BANK!
BANK, PÅ!))



Fekk du ingen smilande, kjekk konfirmant på døra denne veka?
Her kjem eg og bankar på di digitale dør!
Du kan likevel vera med og gi ei gåve til dei som lid naud.



**Gi barna
en
gave
som
varer!**



biKo Bokklubb for kristen tro, håp og undring

- Klubben vil gjøre barna kjent med kristen tro gjennom et mangfold av bøker, spill, leker og musikk.
- Bøkene tar opp de store spørsmålene i livet, og åpner opp for undring, håp og tro. Barna får produkter som berører Bibelen, tro, høytider, følelser og verdier.



iKo • FORLAGET
Les mer på biko.no

LANGFREDAGSSAMLING HUSNES KYRKJE kl. 19.00

Den tradisjonelle samlinga der påska sin bodskap vert formidla gjennom song, musikk, dikt, bibeltekstas og bilete på storskjerm.

Reidar Algerøy - *orgel*, Hallgjerd Kofoed - *song*,
Rachel og Elena Erlingson - *song*
og Leif Kongestøl - *gitar og song*

Velkommen!



PÅSKENATTSMESSE

Husnes kyrkje, påskeaftan (laurdag 4. april) kl. 21.30

For andre år på rad feirar vi påskennatts- messe, denne gongen i Husnes kyrkje, laurdag 4. april, kl. 2100. Påskennatts- messa er historisk sett den viktigaste gudstenesta i kyrkjeåret. Der døyppte ein folk og feira oppstoda med brask og bram. Som vi skal syngja i påskelovs- ongen: «Dette er natta då Kristus braut dødens lekkjer og sigrande stod opp frå dødsriket.» Vi vonar mange vil komma til denne spesielle høgtidsgudstenesta. Vi samlast om lovsong, bøn, Skrifta og nat- tverden for å feira dette at Kristus vant og vi har vunne.

*Helsing
Kjetil Kringlebotten*



Foto: Tore H. Kvalheim

Velkomen til
PÅSKEKONSERT

i **HUSNES kyrkje**
Mandag, den **30. mars** kl 19.00 

Medverkande:

«**4 RUSTNE MENN**» og kvartett «**ÆRE**»
orgel/sang kantor **ÉVA MEGYESI**



Gratis inngang, Velkomen!

Konfirmantane inviterer til

Ung Messe

KVINNHERAD KYRKJE
Søndag 12. april kl. 19.00

Konfirmantane har sjølv
bestemt og planlagt korleis
denne gudstenesta skal vera.

Nattverd - Takkoffer til Blå Kors - Benevandring



TEMA: Tru, Håp og Kjærleik

Invitert!

ims
**SOMMAR
FEST**

BRANDØY
19.-21. JUNI 2026

WWW.IMS-SOMMARFEST.NO

Astrid-Helene Fagerheim Eknes
& Martin Eknes
Ansvarlege for barnesamlingane

Jarle Haugland
Generalsekretær i IMF

Cecilie Skår Holmgren
IMF-UNG/Awana





Uskedal kyrkje



Husnes kyrkje



Valen kyrkje



Holmedal kyrkje



Eid kyrkje



Fjelberg kyrkje

Kyrkjekalender

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Opplysningar
29.03.	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Palmesøndag
02.04.	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Skjærtorsdag
02.04.	11:00	Fjelberg kyrkje	Svein Arne Theodorsen	Skjærtorsdag
02.04.	19:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Skjærtorsdag
02.04.	20:00	Valen kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Skjærtorsdag
03.04.	11:00	Eid kyrkje	Svein Arne Theodorsen	Langfredag
03.04.	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Langfredag
03.04.	11:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Langfredag
03.04.	19:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Langfredag
03.04.	19:00	Husnes kyrkje	Ingen prest	Langfredagssamling
04.04.	21:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Påskennattsmesse
05.04.	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	1. Påskedag
05.04.	11:00	Eid kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	1. Påskedag
05.04.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	1. Påskedag
05.04.	17:00	Uskedal kyrkje (evt Helgheim)	Kjetil Kringlebotten	1. Påskedag
05.04.	17:00	Åkra kyrkje	Kjersti Boge	1. Påskedag
05.04.	17:00	Varaldsøy kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	1. Påskedag
12.04.	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Ung messe
12.04.	19:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Ung messe
19.04.	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	
19.04.	17:30	Eid kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	Samtalegudsteneste
25.04.	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmasjon
25.04.	13:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmasjon
26.04.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmasjon for Uskedalen evt. i Uskedal kyrkje
26.04.	11:00	Fjelberg kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	Konfirmasjon
26.04.	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmasjon
02.05.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmasjon
02.05.	11:00	Eid kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	Konfirmasjon
02.05.	11:00	Valen kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmasjon
02.05.	13:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmasjon
03.05.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmasjon
03.05.	11:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmasjon
03.05.	11:00	Eid kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	Konfirmasjon
09.05.	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmasjon
09.05.	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmasjon
09.05.	13:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmasjon
10.05.	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmasjon
14.05.	11:00	Åkra kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmasjon
14.05.	14:00	Fatland/Gullhaug	Kjetil Kringlebotten	Friluftsgudsteneste
14.05.	17:00	Kaldestad gamle kyrkjestad	Kjetil Kringlebotten	Krossmesse
17.05.	10:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Nasjonaldag
17.05.	10:00	Hatlestrand kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	Nasjonaldag
17.05.	10:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Nasjonaldag



Kvinnherad kyrkje



Ænes kyrkje



Åkra kyrkje



Varaldsøy kyrkje



Hatlestrand kyrkje



Ølve kyrkje

Foto av kyrkjene: Gunnar Langeland

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Opplysningar
17.05.	10:30	Fjelberg kyrkje	Arild Steinsland	Nasjonaldag
17.05.	11:15	Uskedal kyrkje (evt Helgheim)	Kjersti Boge	Nasjonaldag
17.05.	12:00	Eid kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Nasjonaldag
17.05.	12:00	Varaldsøy kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	Nasjonaldag
24.05.	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	
24.05.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	
24.05.	14:00	Åkra kyrkje	Kjersti Boge	
25.05.	11:00	Halsnøy Kloster	Arild Steinsland	
"Klostergudsteneste med pilegrimsmarsj frå skulen. Pilegrimsprest Einar Vegge og prost Arild Steinsland deltek. Naturstioppgåver ved skulen. Middag og kulturinnslag på klosteret. Marsjen startar kl. 11.00"				
25.05.	11:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	
25.05.	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	
31.05.	11:00	Eid kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	
07.06.	11:00	Hatlestrand kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	
07.06.	11:00	Valen kyrkje	Kjetil Kringlebotten	
07.06.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	
07.06.	17:00	Uskedal kyrkje (evt Helgheim)	Kjersti Boge	
14.06.	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	
14.06.	11:00	Varaldsøy kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	
14.06.	17:00	Halsnøy Kloster	Kjetil Kringlebotten	Friluftsgudsteneste. Klosterdagar.
14.06.	17:00	Ænes kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	
21.06.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	
21.06.	11:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	
21.06.	17:00	Ølve kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	
28.06.	11:00	Eid kyrkje	Astrid Elisabeth Wilborn	

Skjærtorsdag i Valen kyrkje

Tradisjonen tru vert det ei sosial samling med kaffi/brus og is etter gudstenesta på skjærtorsdag.

www.kvinnherad.kyrkja.no

**Hald deg oppdatert på gudstenester, konsertar o.l.
på www.kvinnherad.kyrkja.no, eller bruk QR-koden:**

- Kalender over gudstenester og andre samlingar i kyrkjene i Kvinnherad
- Kontaktskjema der de kan melde inn ynskje om dato for vigsel
- Påmelding til trusopplæringstiltak og innmelding av dåp
- Ulike artiklar om livet i kyrkjelydane
- m.m.





Slekters

Eid kyrkje

Dåp

31.12 Saga Sandvik Hvidevold
11.01 Melwin Hølland Solheim
11.01 Levi Reigstad Balle
11.01 Tomine Medhus Sjø
08.03 Saga Eide Skard
08.03 Agnes Annie Ersland

Gravferd/bisetting

06.01 Asbjørg Maria Quam f. 1933
27.01 Klara Arnhild Røen f. 1928
03.02 Jarle Sjø f. 1969
18.02 Magne Nylund f. 1945

Fjelberg kyrkje

Dåp

22.02 Ellie Bakke

Holmedal kyrkje

Dåp

22.02 Amelia Kaldestad Eikemo
22.02 Ludvig Djuve Slyngstadli
22.02 Gjert Holmedal Eidsvik

Gravferd/bisetting

09.01 Olav Bjelland f. 1933
13.02 Asgeir Tormod Rusten f. 1937
26.02 Tobias Hellås f. 1939
19.03 Einar Georg Bauge f. 1936

Valen kyrkje

Dåp

14.12 Sofia Meling Vågen

Gravferd/bisetting

17.12 Tore Thoresen f. 1954

Husnes kyrkje

Dåp

18.01 Elliot Sundsteigen Hansen
15.02 Aslak Kambe Sande
01.03 Jakob Hauge Eikeland
01.03 Mathilde Bondhus Veastad
01.03 Evy Teigen Johnsen
01.03 Dagfinn Vaage Smestad
01.03 Ludvik Matre Harsvik
15.03 Gustav Gunning Marchelwski

Gravferd/bisetting

19.12 Olav Georg Melkevik f. 1935
30.12 John Christian Tislevoll f. 1951
30.12 Elin Lewkowicz f. 1956
14.01 Lill Kristine Birkeland f. 1942
22.01 Einar Magne Skaråsen f. 1944
30.01 Gjertrud Raudstein f. 1951
03.02 Liv berit Gravdal f. 1926
05.02 Øyvind Røyrvik f. 1920
06.02 John Espevik f. 1931
12.02 John-Kristian Rydningen f. 1987
06.03 Kjellaug Warberg f. 1929

Kvinnherad kyrkje

Dåp

25.01 Lucy Marie La France Bodin
08.02 Magne Barackov Leikvoll

Vigsel

24.01 Janica Bernadas Leonerio & Jonas Bjerck
14.02 Janne Helland & Lars Reidar Heggøy
14.02 Ann Helen Aasen & Christer Pedersen



gang

12.12.2025-19.03.2026

Gravferd/bisetting

23.12 Øyvind Skeie	f. 1938
29.12 Tor Emil Samland	f. 1943
02.01 Erik Mehus	f. 1937
13.01 Rut Albrethson	f. 1936
03.03 Samson Feedt	f. 1939
04.03 Tor Kalven	f. 1932
11.03 Hans Mathias Dommersnes	f. 1930
13.03 Bjørn Inge Mehl	f. 1938

Uskedal kyrkje

Dåp

11.01 Johannes Kjærland Selsvold
08.03 Atle Rolland-Vik

Gravferd/bisetting

11.02 Tore Jan Nordahl-Pedersen	f. 1951
---------------------------------------	---------

Hatlestrand kyrkje

Gravferd/bisetting

25.02 Per Gunnar Gravdal	f. 1953
--------------------------------	---------

Varaldsøy kyrkje

Inga hendingar

Ænes kyrkje

Inga hendingar

Ølve kyrkje

Inga hendingar

Åkra kyrkje

Inga hendingar

Dåpskjolar og anna utstyr til utlån



Ikkje alle har ein dåpskjole tilgjengeleg. Det er heller ikkje eit plagg som vert nytta så ofte. I Kvinnherad har vi to dåpskjolar som kan lånast gratis i samband med barnedåp. Den eine heng i Kvinnherad kyrkje og den andre heng på kontoret på Valen, men begge kan sjølvstøtt lånast og nyttast i alle kyrkjene våre. Marit E Totland har hekla den eine, medan den andre er kjøpt. Ta gjerne kontakt med oss på kyrkje-kontoret så kan de få sjå og prøva dåpskjolane.

Kyrkja har og lysestakar og anna til utlån i samband med gravferder. Spør gjerne etter, så hjelper vi deg.

Tlf.: 90 53 19 10

E-post: post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no



Tlf.: 53 48 00 00
Mail: post@oybygg.com



Lonavegen 15, 5460 Husnes • Tlf.: 53 47 81 91
Mail: annemaries@interflora.no



Anne Maries
Blomster

53 47 81 91

[annemariesblomster](https://www.instagram.com/annemariesblomster) [annemariesblomster](https://www.facebook.com/annemariesblomster)



TRONDS
MARINE SERVICE

teca®

Alt teknisk gjort enkelt for deg!

Hardanger & Kvinnherad
GRAVFERDSBYRÅ

Omsorg ved livets slutt

Døgnvakt: 53 48 00 33
Mail: post@hk-byraa.no

joker
ØLVE



STORD
BEGRAVELSESBYRÅ
ENGELSEN - MILJE
iBanken Sæbøvik - vakt 53 41 64 05 - stordbb.no

YOU
WHO

Du finn oss i 2. etg
i Husnes Storsenter

BUNNPRIS®

- Seimsfoss -



Halsnøy Trelast as

MESTERHUS
- det blir som avtalt

www.halsnoy-trelast.no

Denne annonse-plassen kan verta din!
Ta kontakt med Jan-Ove Fagerheim!
jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no
Mobil: 913 45 042



www.facebook.com/kyrkjakvinnherad

POWER
Husnes

 **HMR**
www.hmr.no

DIMMELSVIKBIL 25ÅR 1998-2023
-Din bil - Vårt fokus

 **Husnes
Tannlegesenter**
Månd. - fred.: 08.00-16.00
Tlf. 53 47 70 00

Vi lager alle typer paller
på bestilling.

**VAR DU
KLAR OVER?**

At Sandvoll Handel har eige sagbruk, me skjer eige tømmer, men driv og med leigeskjæring.

 **Sandvoll
Handel**

www.byggfag.no ☎ 53 47 05 00 post@sandvollhandel.no

DIN LOKALE BILFORHANDLER I KVINNHHERAD!

Weir enn 40 år med bil

 **Rødsten
Bilforretning**  

post@srbil.no

www.srbil.no

Motorstopp? Skade?
Få leiebil på forsikringen gjennom oss!
Vi ordner alt med ditt forsikringselskap.

VEST

Bilutleie

www.vestbilutleie.no



**Støtt annonsørane våre!
- dei støttar oss!**

Vil du vera med å gi ei gåve til bladet?

Til heile kommunen

Sidan 2022 har Kyrkjelydsblad for alle sokna i Kvinnherad kommune tre gonger i året kome i postkassa til alle som mottek fullistribusjonsutgåvene til Grenda. Med jamne mellomrom nemner me at det er høve til å gi ei gåve til

bladet. Ein kan gje på Vipps eller nytta kontonr. 3208.27.67117

Me som jobbar med bladet håpar sjølv sagt det er mange som set pris på innhaldet og vil vera med på denne satsinga. Det er mykje flott som rører seg i kyrkjelydane våre, som fortener å få fokus.

Utan støtte frå det lokale næringslivet og gåver frå privatpersonar kan me ikkje laga dette bladet slik me gjer det idag.

Takk til kvar og ein av dykk som ynskjer å vera med og gje ei frivillig gåve.

Du kan gjerne gje ei gåve til bladet på

Vipps

Vipps-nummer: 537407

Vil du bli fast givar til kyrkjelydsbladet?

Nytt QR-koden på Vipps. Du kan sjølv velje kva sum du ønskjer å gi og har moglegheit til å avslutte tenesta når du sjølv ønsker det.



Å salige stund uten like

Denne salmen står på nummer 199 i salmeboka vår. Forfatteren Johan Halmrast (1866 - 1912) skreiv denne salmen i 1890 og gav han ut under tittelen "Maria Magdalens jubel." Denne kvinna kom til den tomme grava og fekk i oppgåve å fortelja læresveinane om at grava var tom. Heile salmen er bygd på dette.

Forfattaren budde i Oslo. Han sleit heile livet med svak helse og døydde berre 46 år gammal. Denne salmen gjer at ein enno minnest han.

Den populære melodien til salmen er komponert av Kristian Wendelborg. Han levde på same tid og i same by som Halmrast. For dei som hugsar nynorsk salmbok så sang vi omsetjinga til Anders Hovden "Å sælaste stund utan like." I den no-verande salmboka står kun originalen.

Reidar

Å salige stund uten like

T: Johan Halmrast 1890

O: Jens Otterbech 1921

M: Kristian Wendelborg 1890

Å salige stund uten like,
han lever, han lever ennu!
Han vandrer i seieren rike,
min sjel hvorfor sørger da du?
Han er ikke lenger i graven,
hvor bleknet i døden han lå;
/:jeg levende så ham i haven,
og aldri så skjønn jeg ham så.:/

Han lever, og jeg skal få bringe
hans venner det salige ord –
tenk, jeg som er ringest blant ringe,
den minste han kjenner på jord.
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære,
å kunne jeg synge det ut!
/:Mer kunne ei engler begjære
enn gå med så salig et bud.:/

Å salige stund uten like,
han lever, han lever ennu!
Han vandrer i seierens rike,
min sjel, hvorfor sørger da du?
Du søkte din trøst i den døde,
og dvelte ved gravnatten kun;
/:så fikk du den levende møte,
å salige, salige stund!:/